



## FYLKESMANNEN I ROGALAND UTDANNINGSAVDELINGA

### TILSYN MED FORSAND KOMMUNE

**TIDSPUNKT:** Våren 2007      **Vår ref:** 07/230

**KOMMUNEN SI**  
**ADRESSE:** Forsand kommune, 4110 Forsand

**KOMMUNENR:** 1129

**TILSYNSGRUPPE:** Kjell Ivar Dversnes og Vivild Omdal Bredal

**KONTAKTPERSON**  
**I KOMMUNEN:** Seksjonsleiar skule Hilde Folkvord Juul

#### **Heimel for tilsynet:**

Opplæringslova § 14-1 andre og tredje ledd, jf. delegasjonsrundskriv F-16/04 fra Utdannings- og forskningsdepartementet og delegasjonsbrev datert 02.03.05 fra Utdanningsdirektoratet.

#### **Tema for tilsynet:**

Tilsynet skal kontrollere om skoleeigar oppfyller lova sine krav til gratis grunnskoleopplæring, jf. opplæringslova § 2 - 15, og om skoleeigar har eit forsvarleg system for å ivareta lovkravet, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd.

#### **Fylkesmannen avdekte følgjande under tilsynet:**

- **Avvik 1: Forsand kommune har ikkje eit system som hindrar at det blir kravd inn eigenbetaling ved arrangement i skolens regi.**
- **Avvik 2: Forsand kommune har ikkje eit system som ivaretar prinsippet om anonymitet og reelt frivillige gaver**

#### **Merknad :**

- **Forsand kommune har uklar praksis omkring krav til utstyr ved turar o.l.**

Kjell Ivar Dversnes  
tilsynsleiar

Vivild Omdal Bredal  
førstekonsulent

## **Innhald:**

1. Innleiing
2. Dokumentgrunnlag
3. Gjennomføring
4. Avvik
5. Merknader

## **1. Innleiing**

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn i alle kommunar i Rogaland.

Det blei ført tilsyn med:

- Opplæringslova § 2-15

Formålet med tilsynet var å vurdere om kommunane følgjer regelen om rett til gratis offentleg grunnskoleopplæring i opplæringslova 2-15, og om skoleeigar har eit forsvarleg system for å ivareta lovkravet, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd.

Tilsynet inngår som ein del av tilsynsverksemda hos Fylkesmannen og er heimla i opplæringslova § 14-1, jf. rundskriv F-06-04 og delegasjonsbrev av 02.03.05 frå Utddanningsdirektoratet

### **Tilsynsteam og tilsynsmetode**

Tilsynsteamet hos Fylkesmannen har bestått av førstekonsulent Vivild Omdal Bredal og rådgivar Kjell Ivar Dversnes.

Fylkesmannen gjennomfører tilsyn etter ulike metodar. Tilsynet blei denne gangen gjennomført ved spørjeskjema til alle kommunane, der vi bad kommunane svare på konkrete spørsmål vedrørande gratisprinsippet.

### **Desse spørsmåla blei stilte:**

1. Korleis informerer kommunen/skolane dei føresette om retten til gratis grunnskoleopplæring?
2. Korleis finansierer kommunen/skolane andre aktivitetar/ekskursjonar som blir gjennomførte i regi av skolen? Krev nokre aktivitetar at elevane har særskilt utstyr?
3. Korleis blir eventuelle avslutningsturar eller - samlingar for 10. årssteg organiserte og finansierte?
4. Praktiserer skolane i kommunen ordningar med til dømes ”klassekasse”? Korleis blir dette i tilfelle organisert, og korleis blir midlane brukte?
5. Har kommunen utarbeidd felles retningslinjer for korleis skolane skal følgje opp § 2 - 15, og er desse rutinane i tilfelle skriftleggjorde?
6. Korleis sikrar kommunen seg kjennskap til skolane sin praksis i forhold til Opplæringslova § 2 - 15?

Eventuelle funn ved tilsynet blir formulerete som avvik og/eller merknader.

- **AVVIK** blir definert som mangel på oppfylling av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.
- **MERKNAD** gjeld tilhøve som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som Fylkesmannen meiner det er nødvendig å påpeike slik at kommunen kan betre forholda.

Forhold som er definerte under avvik, **skal** utbetrast innan 15. september 2007. Forhold som er definerte under merknad, bør utbetrast.

## 2. Dokumentgrunnlag

**Følgjande dokument er lagde til grunn:**

- Opplæringslova av 17. juli 1998
- Forskrift til opplæringslova
- Ot. prp. 94 (2001-2002)
- Inst. O. nr. 43(2002-03)
- Rundskriv F-14-03
- Brev frå Fylkesmannen til kommunane 15.1.07
- Oppfølgingsbrev frå Fylkesmannen til kommunane 29.3.07
- Svar frå kommunane på brev av 15.1.07 og 29.3.07

## 3. Gjennomføring

Tilsynet omfatta følgjande aktivitetar:

Varsel om brevtildsyn:	15.01.07
Oppfølgingsbrev:	29.03.07
Utdjupande svar frå kommunane:	våren 2007
Sakshandsaming hos fylkesmannen:	mai - juni 2007

## 4. Avvik

- **Avvik 1: Forsand kommune har ikkje eit system som hindrar at det blir kravd inn eigenbetaling ved arrangement i skolens regi.**

**Avvik frå:** Opplæringslova § 2-15, jf. opplæringslova § 13-10

**Lovkommentar:**

Gratisprinsippet inneber at kommunen ikkje kan krevje betaling for undervisningsmateriell og aktivitetar som er nødvendige for å gjennomføre grunnskoleopplæringa i samsvar med lov og forskrift. Døme på slike aktivitetar er utgifter til transport, kost og losji i samband med leirskoleopphald eller andre tematurar, og eventuelle transportutgifter eller utgifter til

ingangsbillettar ved ekskursjonar og nødvendig transport i skoletida til symjehall og bibliotek.

Kommunen kan heller ikkje krevje at elevane eller deira føresette skal dekkje utgifter til aktivitetar som går føre seg utanom ordinær skoletid, når desse aktivitetane er ledd i at skolen gjennomfører oppgåvane i samsvar med lov og forskrift.

**Avviket er basert på følgjande observasjon:**

I følgje opplysninga frå kommunen er det eigenbetaling ved tematur på 10.trinn når elevane ikkje har skaffa nok pengar til turen gjennom elevbedrift o.a.

- **Avvik 2: Forsand kommune har ikkje eit system som ivaretar prinsippet om anonymitet og reelt frivillige gaver**

**Avvik frå:** Opplæringslova § 2-15, jf. opplæringslova § 13-10

**Lovkommentar:**

Det er tillate for skolar å ta imot gaver og ha klassekasser. Likevel må slike ordningar vere reelt frivillige og anonyme. Det skal ikkje kunne knytast vilkår til verken klasse kassar eller gaver, t.d. ved at givaren krev eit vederlag og ingen bidrag eller gaver må bli gitt som følgje av press.

**Avviket er basert på følgjande observasjon:**

I følgje opplysninga frå kommunen har skolen ikkje sikra at gavene som blir gitt, er frivillige og anonyme. Kommunen opplyser at ”foreldra blir einige om eit beløp som dei betaler i gave til klassen”. Det er ikkje å anse som ei frivillig gave.

## 5. Merknader

- **Forsand kommune har uklar praksis omkring krav til utstyr ved turar o.l.**

Kommunen gir uklar informasjon om ansvaret ligg på elevane eller skolen når skolen arrangerer turar som krev spesielt utstyr.